

Møteprotokoll, offentlig

Utval	Formannskapet
Møtestad	Rådhuset
Dato	11.03.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 14:00

Frammøtte	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Oddstein Haugen	AP
Geir Arve Sandvik	H
Jonatan Hurthi	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Marianne Bugge	SP
Kjetil Melheim	V

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad,
Politisk sekretariat Anita Bjørk Ruud med unntak av lukka del av møtet.
Kommunalsjef Knut Åge Teigen i sak 36-38.
Rådgjevar Ivar Kvalen i sak 28-33.
Kommunalsjef John Olaf Røhme i deler av sak 39.

Underskrifter:

Gunn Beate Thorsnes Lefdal

Jonatan Hurthi

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
24/26	Konstituering av møte
25/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
26/26	Vedtekter for ungdommen sitt kommunestyre, eventuell revisjon
27/26	Val av setjemedlemer etter innvilga permisjon til Anette Stegegjerdet Norberg
28/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - 2 frittstående hotellrom - Dalsøren camping
29/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Etablering av heilårleg oppleving- og transportbåt - Luster fjordhytter
30/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppstartstilskot - Highflow Adventures AS
31/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - vidare utvikling av rafting og zipline, ny møteplass - Elvepurka AS
32/26	Etablering av turnhall på Vesterland
33/26	Tildeling av næringstomt Gaupnegrandane
34/26	Høyring- forslag til nye medlemskategoriar i foreninga Noregs Nasjonalparkkommunar (NPKL)
35/26	Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune, høyringsframlegg
36/26	Forskrift om opningstider, sals- og skjenketider i Luster kommune
37/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030
38/26	Barnehage- og skuletilbodet i Solvorn krins
39/26	Administrative orienteringar
40/26	Kommunesamarbeid
41/26	Politiske drøftingar og open post
42/26	Referatsaker
43/26	Delegerte saker
44/26	Forretningsforhold næringssak

24/26 Konstituering av møte

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

- Opprop, *alle møtte*.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad*.
- Godkjenning av dagsorden, med den endring at sak 38, 36 og 37 vart handsama som fyrste saker etter konstituering.
- Gunn Beate T Lefdal og Jonatan Hurthi vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

FSK - 24/26 vedtak

Gunn Beate T Lefdal og Jonatan Hurthi vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

25/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

FSK - 25/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 23.02.26 vert referert utan merknader.

26/26 Vedtekter for ungdommen sitt kommunestyre, eventuell revisjon

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram for drøfting og eventuelt vedtak.

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Formannskapet drøfta saka og tilrår at kommunestyret endrar vedtektene til Ungdommen sitt kommunestyre slik UK ynskjer.

Formannskapet tilrår at vedtekter for Ungdommen sitt kommunestyret vert endra i punkt 4. Leiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til ordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

Nestleiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til varaordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

I daglegtalet kan dei omtalast som ung ordførar og ung varaordførar.

FSK - 26/26 vedtak

Kommunestyret endrar vedtekter for Ungdommen sitt kommunestyret i punkt 4. Leiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til ordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

Nestleiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til varaordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

I daglegtalet kan dei omtalast som ung ordførar og ung varaordførar.

27/26 Val av setjemedlemer etter innvilga permisjon til Anette Stegegjerdet Norberg

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret får vurdere om dei vel å gjennomføre val av setjemedlemer slik det går fram av kommunelova § 7-11 fyrste ledd i samband med Anette Stegegjerdet Norberg sin permisjon.

Det gjeld også rolla som nestleiar i plan- og forvaltningsutvalet.

Kommunedirektøren legg fram saka utan tilråding.

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Ap la fram forslag på settemedlemer i verva til Anette Stegegjerdet Norberg, så lenge ho har permisjon:

Plan- og forvaltningsutvalet:

Jonny Gjerde vert vald som medlem.

Svein Tore Heltne vert vald som nestleiar.

Samarbeidsutvalet ved Gaupne barnehage

Kåre Hønsi vert vald som medlem.

Gunn Beate Thorsnes Lefdal vert vald som varamedlem.

Sognarådet IPR:

Liv Endresen vert vald som representant.

Helene Selland vert vald som personleg vararepresentant.

Varamedlemer i formannskapet:

Svein Tore Heltne rykker opp som andre vara.

Johnny Gjerde rykker opp som tredje vara.

Helene Selland rykker opp som fjerde vara.

Geir Arne Kvam vert vald som femte vara.

Saka vert lagt fram for kommunestyret for endeleg val.

FSK - 27/26 vedtak

Kommunestyret vel følgjande settemedlemer i verva til Anette Stegegjerdet Norberg, så lenge ho har permisjon:

Plan- og forvaltningsutvalet:

Jonny Gjerde vert vald som medlem.

Svein Tore Heltne vert vald som nestleiar.

Samarbeidsutvalet ved Gaupne barnehage

Kåre Hønsi vert vald som medlem.

Gunn Beate Thorsnes Lefdal vert vald som varamedlem.

Sognarådet IPR:

Liv Endresen vert vald som representant.

Helene Selland vert vald som personleg vararepresentant.

Varamedlemer i formannskapet:

Svein Tore Heltne rykker opp som andre vara.

Johnny Gjerde rykker opp som tredje vara.

Helene Selland rykker opp som fjerde vara.

Geir Arne Kvam vert vald som femte vara.

28/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - 2 frittstående hotellrom - Dalsøren camping**Formannskapet 11.03.2026****Handsaming**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 28/26 vedtak

Formannskapet gjev Dalsøren Camping eit næringslån i næringsfondet stort kr 550 000.

Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over dei neste 13 åra. Lånet er eit pantelån.

29/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Etablering av heilårleg oppleving- og transportbåt - Luster fjordhytter

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 29/26 vedtak

Kommunestyret gjev Luster Fjordhytter ved Øystein Magnus Grødem Tveit eit næringslån i næringsfondet stort kr 950 000. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

30/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppstartstilskot - Highflow Adventures AS

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 30/26 vedtak

Formannskapet gjev Highflow Adventures AS ved Jasper Christian Mattila

1. Eit næringslån i næringsfondet stort kr 617 000 til Highflow Adventures AS. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 8 år. Lånet er eit pantelån.
2. Eit oppstartstilskot på kr 40 000, finansiert over posten bedriftutviklingstilskot.

31/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - vidare utvikling av rafting og zipline, ny møteplass - Elvepurka AS

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet gjev Elvepurka AS Eit næringslån i næringsfondet stort kr 545 000. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren la fram eit tillegg i tilrådinga si slik at tilrådinga har punkt 1 og 2:

1. Formannskapet gjev Elvepurka AS Eit næringslån i næringsfondet stort kr 545 000. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.
2. Før lånet kan utbetalast må naudsynte løyve for arealbruk og bygg vere avklara.

Kommunedirektøren si tilråding med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

FSK - 31/26 vedtak

1. Formannskapet gjev Elvepurka AS Eit næringslån i næringsfondet stort kr 545 000. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.
2. Før lånet kan utbetalast må naudsynte løyve for arealbruk og bygg vere avklara.

32/26 Etablering av turnhall på Vesterland

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Luster kommune gjev 5% av totalkostnaden, inntil kr 2 000 000,- i investeringsstøtte, til etablering av turnhall på Kaupanger i regi av Sogndal Turnforening.
2. Investeringsstøtta vert gjeve med vilkår at anlegget vert fullfinansiert og får ein godkjend spelemiddelsøknad.
3. Finansiering av investeringsstøtta vert lagt inn halvårsrapporten, finansiert med 1 mill.kr frå disposisjonsfondet og 1 mill.kr frå næringsfondet
4. Under føresetnad av at turnhallen vert godkjent som interkommunalt anlegg, gjev Luster kommune drifta av turnhallen ein underskotsgaranti på 5% av evt underskot. Garantien gjeld i 20 år frå oppstart av ordiner drift.

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren informerte i møtet om tilleggsinformasjon i saka og framlegg om å trekke saka frå handsaming i dette møtet.

Formannskapet var samde i at saka ikkje vart handsama.

FSK - 32/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

33/26 Tildeling av næringstomt Gaupnegrandane

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 33/26 vedtak

1. Raaum Eiendom AS får tildelt næringstomt FKT4 på Gaupnegrandane, omlag 2300 m2, jamfør høyringsutkast til ny reguleringsplan.
2. Tomta vert tildelt på slike vilkår:
 - a. Før overtaking:
 - i. Tilbodet gjeld i eitt år frå vedtaksdato av ny reguleringsplan i kommunestyre.
 - ii. Tildeling av tomt skjer med atterhald om kva kommunestyret vedtek ved endeleg handsaming av reguleringsplan for Gaupnegrandane
 - iii. Planlegging før endeleg vedtak av ny reguleringsplan skjer på Raaum Eiendom AS sin risiko, då reguleringsplanen kan verte justert fram til endeleg vedtak.
 - b. Ved overtaking av tomt:
 - i. Kjøpar betaler alle omkostningar ved realisering av eigedomsoverdraginga
 - ii. Kjøpesummen er fastsett til kr 354 pr. m2. Tilknytingsgebyr, oppmålingsgebyr, samt overdragingskostnader må dekkast av kjøpar i samsvar med gjeldande satsar.
 - iii. Kjøpar overtek arealet slik det er pr. dato.
 - iv. Kjøpar pliktar å halde området ryddig og halde gjerde kring eigdommen om dette vert naudsynt av omsyn til verksemda, eller vert pålagd av Luster kommune.
 - v. Kjøpar må tilpasse seg gjeldande reguleringsplan for området
 - vi. Kjøpar pliktar seg å samarbeide med Luster kommune og nærliggande verksemder om design og utsjåande av nytt næringsbygg
 - vii. Dersom kjøpar ikkje har byrja med byggjearbeid innan to år etter dato for vedtak av reguleringsplan i kommunestyre, har Luster kommune rett til å kjøpe attende tomte for lik kvadratmeterpris som kjøpar betalte. Eventuelle omkostningar vert ikkje kompensert. Denne retten kan tinglysast.

34/26 Høyring- forslag til nye medlemskategoriar i foreninga Noregs Nasjonalparkkommunar (NPKL)

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Formannskapet drøfta saka og vedtek å gje høyringsinnspel på alternativ B, merkevaresporet.

FSK - 34/26 vedtak

Formannskapet har følgjande høyringsinnspel til endringar i vedtektene: alternativ B, merkevaresporet.

35/26 Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune, høyringsframlegg

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 35/26 vedtak

Luster kommune legg hovudplan for avløp til offentleg ettersyn/høyring i seks veker.

36/26 Forskrift om opningstider, sals- og skjenketider i Luster kommune

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 36/26 vedtak

Kommunestyret vedtek forskrift om opningstider, sals- og skjenketider for alkohol i Luster kommune slik forskrifta ligg føre.

37/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 37/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 – 2030* (alkh.lova §1-7 d).
2. Luster kommunestyre vedtek *Ruspolitiske retningslinjer* gjeldande frå 19.03.2026 – 19.03.2030.
3. Sals- og skjenkeløyve for verksemdar som har generelt løyve vert vidareført til 19. mars 2030.
4. Tiltak vert vurderte i budsjett- og økonomiplansamheng, samt at mål og strategiar må synleggjerast i tilgrensande planar ved rullering.

38/26 Barnehage- og skuletilbodet i Solvorn krins

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å leggja ned Solvorn oppvekstsenter gjeldande frå skule- og barnehageåret 2026/27. Skule- og barnehage tilbudet for Solvorn krins vert lagt til Hafslo barne- og ungdomsskule og Hafslo barnehage.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren kome attende med sak om forskriftsendring av skulekrinsgrensene.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å greie ut korleis areal og bygningar ved dagens oppvekstsenter kan tene lokalsamfunnet vidare. Lokale lag og interessentar vert invitert til dialog. Vurderingstema kan til dømes vera:
 - Samfunnshusfunksjon
 - Næringsutvikling
 - Bustadformål

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Administrasjonen informerte i møtet, presentasjon ligg vedlagt.

Framlegg frå AP: Solvorn oppvekstsenter vert ikkje lagt ned.

Framlegg frå Marianne Bugge:

Grunna saka sin kompleksitet sender formannskapet saka vidare til drøfting og realitetshandsaming i kommunestyret.

Framlegget frå Marianne Bugge vart samrøystes vedteke.

FSK - 38/26 vedtak

Grunna saka sin kompleksitet sender formannskapet saka vidare til drøfting og realitetshandsaming i kommunestyret.

39/26 Administrative orienteringar

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Orientering frå kommunedirektøren:

- Status helse- og omsorg 2030, sjå vedlagde presentasjon.
- Kommuneplanen sin arealdel, utlagt til off. ettersyn
- Luster har fått plass i læringsmiljøprosjekt, ein barnehage, to skular og tre oppvekstsenter.
- Folkehelseprofil, sjå vedlegg.
- PFU si handsaming og vedtak om utlegging av områdeplan Hafslo.

Oppfølging budsjettvedtak – Samfunnshus i Jostedalen, sjå vedlagt presentasjon

Kommunedirektøren gjennomgikk hovudpunkt frå rapport av 5.2 om byggt tekniske forhold knytt til samfunnshuset i Jostedalen.

Bakgrunnen er vedtak i budsjett 2026 om å gjennomgå tekniske forhold rundt bassengdelen til samfunnshuset før evt investering i nytt sandfilter til om lag 1 million kroner.

Kommunedirektøren tilrådde etter dette skifte av sandfilter og at investeringsløyving blir fristilt frå investeringsbudsjettet. Inntekspotensialet for samfunnshuset/ bassenget må gåast gjennom samt rutineane for leige og bruk av anlegget.

Formannskapet slutta seg til kommunedirektøren si vurdering.

Samrøystes vedtak: Møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, tredje ledd pkt. b., jf. offentleglova § 23 fyrste ledd.

Anbudsprosess – busstopp Gaupne

Kommunedirektøren informerte om anbudsopninga som gjeld sak om flytting av busstopp i Gaupne der kommunen fekk inn 4 tilbod.

Sjølv om ein tildeler oppdraget til tilbydar med lågast pris er samla kostnad 1,6 millionar over budsjettet ramme.

Formannskapet tek informasjonen til vitande. Formannskapet ber om at ein prioriterer framdrift i arbeidet og at spørsmålet om ekstraløyving vert fremja i samband med halvårsrapporten. Tildeling av anbod kan skje no.

FSK - 39/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

40/26 Kommunesamarbeid

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Kommunedirektøren informerte frå Sogn KO, sjå vedlagde presentasjon.

Ordførar informerte frå møte i arbeidsutvalet i Sognarådet 9.3.26 og førebuingar til Sognatinget i Vik 13.4.26.

FSK - 40/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

41/26 Politiske drøftingar og open post

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Ordførar informerte om møte med fylkeskommunen og yrkessjåførar der det vart sett på behov for utbetringar Nes - Fortun, og det blir vurdert kva som er mogleg å få gjennomført.

Sørsidevegen Verdsarvsenteret gjer at fylkeskommunal interesse for vegen aukar.

Ordførar kjem attende med meir informasjon seinare.

Open post:

Administrasjonen undersøker om det er mogleg å få til opning av Sognefjellsvegen til påske pga lite snø, og vegen er allereie brøytta til Herva. På Sognefjellet er det skiløyper. Må få faglege vurderingar i forhold til villrein.

Innspel frå føredrag til Ulf Andersen i NAV om statistikk sjukefråver. Administrasjonen vurderer dette.

Statlege ekstraløyvingar til å auke bemanning i barnehagar. Administrasjonen gjev tilbakemelding i eit seinare møte om korleis kommunen brukar desse midlane.

FSK - 41/26 vedtak

Administrasjonen følg opp innspela i open post.

42/26 Referatsaker

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Ordførar informerte om Luster sitt innspel til ruteendringar, der innspel i kommunestyret om bussrute Jostedal , UK sitt innspel om laurdagsrute til Sogndal og pendlarbuss er kome med. Formannskapet hadde innspel om at Sognarådet bør arbeide saman om kollektivtilbodet i Sogn.

FSK - 42/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

43/26 Delegerte saker

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til dei delegerte sakene.

FSK - 43/26 vedtak

Informasjon om delegert saker vert teken til orientering.

44/26 Forretningsforhold næringssak, ikkje offentleg

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren vil informere i møtet.

Formannskapet 11.03.2026

Handsaming

Samrøystes vedtak: Møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, tredje ledd pkt. b., jf. offentleglova § 23 fyrste ledd.

Ikkje offentleg.

FSK - 44/26 vedtak

Ikkje offentleg.